

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Frank Willy Djuvik (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Endring av paragraf 2a: 2 år vert endra til 1 år

Endre Paragraf 2c til: "Brukarar vert godkjend utan hensyn til alder"

Paragraf 2: erstatte siste setning med: "Manglande rutetilbod kan i særskilte høve vektleggast"

Endre paragraf 4 til: "Brukarar får godkjenning for 1 år for mellombels sjukdom/nedsett funksjonsevne, eller når det er tvil om sjukdom/nedsett funksjonsevne er varig. Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne. Brukarar med varig sjukdom/nedsett funksjonsevne som er utan utsikter til betring av tilstanden kan få livsvarig godkjenning. Brukarar kan søkja om fornya godkjenning før godkenningsperioden er over.»

Avrøyting

Innstillinga punkt 1 med strekpunkt 2 b) og innstillinga punkt 2 vart samråystes vedteke.

Djuvik sitt forslag fekk 29 røyster (Frp, H, FNB, UA, V, R og PP) og fall.

Innstillinga resterande del vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Med heimel i Stortingshandsaming 10. april 1986 og privat autonomi, vert ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland, vedteken med desse endringane:

-Alternativ setning i § 2: Manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt i søkeraden. Som hovudregel vert heller ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, eller bratte bakkar/lang veg til haldeplass vektlagt.

-Paragraf 2.b: sette punktum etter «ordinære kollektive rutetilbod» Stryk resten.

-Endring i § 4, andre avsnitt: Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne.

-§ 5 a: endre visus 0,1 til visus 0,33

- Endring av § 5 tredje ledd: Søkjar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV skal ikkje verte trekt av sin kvote til den fylkeskommunale tt-ordningen.

2. Den nye forskrifta trer i kraft 1.1.2021.